



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

FYLKESMANNEN I HORDALAND	
SAKSNR:	SBH:
ARKIVNR:	U.OFF. \$
MOTTATT DATO: 29 APR 2015	
TA <input type="checkbox"/>	DATO: SIGN.:
TIDL.REF.:	

Behandlande eining:
Region vest
Vegavdeling Rogaland

Sakshandsamar/innvalsnr:
Gro Osmundsen Kyvik -

Vår referanse:
2013/010071-099

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.04.2015

E134 - Motsegn til forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E134 Bakka - Solheim, Etne og Vindafjord

Vi viser til brev med framlegg til kommunedelplan med konsekvensutgreiing datert 25.03.15.

Kommunedelplanen er utarbeidd av Statens vegvesen. Formålet med planarbeidet er å velje trase, avklare vegstandard og plassering av kryss for ny E134 mellom Solheim i Vindafjord kommune og Bakka i Etne kommune.

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan, Statlege planretningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, fylkesveg på vegne av fylkeskommunen, og som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik, kollektivtransport, miljø og universell utforming.

I denne saka uttaler Statens vegvesen seg som vegeigar og sektorstyresmakt. Uttalen inngår i samordningsprosjektet av statlege motsegn i regi av Fylkesmannen i Hordaland.

Statens vegvesen si tilråding:

Strekninga mellom Solheim i Vindafjord og Bakka i Etne er delt inn i 4 delområde: Delområde VA går frå Solheim til Ølensvåg, VB frå Ølensvåg til kommunegrensa (Fikse), ØA frå kommunegrensa (Fikse) til Mo, og ØB frå Mo til Bakka. For alle delområda er det utarbeidd fleire ulike alternativ for trase.

Delområde og trasealternativ er vurdert i Planomtale og konsekvensutgreiing. Statens vegvesen si tilråding til val av trasear i dei ulike delområda er drøfta i planomtalen og konklusjonen går fram i kapittel 13 Samanstilling av konsekvensar og Statens vegvesens tilråding. Vi viser til planomtalen for gjennomgang av tilrådte traseval.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kvaløygata 1
5537 HAUGESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Motsegn frå Statens vegvesen:

I delområde VA Solheim – Ølensvåg er det utgreia i alt 14 ulike kombinasjonar av linjer og kryss. Desse kombinasjonane er inndelt i tre prinsipielle hovudalternativ; VA-I, VA-II og VA-III. Alle kombinasjonane i hovudalternativ VA-I ligg langs dagens veg om Knapphus.



Statens vegvesen fremmer **motsegn** mot alternativ VA-I, trase via Knapphus, på følgjande grunnlag:

- **Alternativ VA-I via Knapphus er i strid med nye føringar frå Samferdselsdepartementet for hovudvegar.** I brev frå Samferdselsdepartementet datert 19. desember 2014 blei det gitt nye føringar for bygging av hovudvegar. Her går det fram at hovudvegar som har høg grad av gjennomgangstrafikk, som til dømes E134, skal planleggast slik at trafikken kan ha god flyt og halde jamn fart. Slike vegar skal difor som hovudregel leggast utanom byer og tettstader og ha planskilte kryssløysingar.

Strekninga som utgjer delområde ØA kommunegrensa (Fikse) – Mo har tre hovudalternativ som alle kan ha kryss med tilknytning mot Etne sentrum. På strekninga frå Fikse til Gjerdsvik/Vågen er alternativa like. Frå Vågen er det tre variantar. To går gjennom skogsområdet i Grallsetelia og direkte mot Mo, og ein går lenger mot vest med kryss som ligg nærare Etne sentrum, enten på Matskor eller Skjensvoll. Begge variantar i alternativ ØA-I-c via Matskor/ Skjensvoll har store negative konsekvensar.



Statens vegvesen fremmer **motsegn** mot alternativ ØA-I-c via Matskor/ Skjensvoll på følgende grunnlag:

- **Alternativ ØA-I-c via Matskor/ Skjensvoll er i strid med nye føringar frå Samferdselsdepartementet for hovudveggar.** Alternativet fører til at vegen blir om lag 500 m lenger enn dei andre hovudalternativa, og stamvegfunksjonen blir nedprioritert til fordel for lokaltrafikk.
- **Alternativ ØA-I-c vil føre til ein meirkostnad som ikkje er samfunnstenleg samanlikna med nytteverdien.** Alternativet gir ein meirkostnad i byggefasen på om lag 350- 400 millionar kroner. I tillegg vil det føre til auka kostnader til drift, vedlikehald og rehabilitering på grunn av to tunnelar og lengre veg. Statens vegvesen fremmer motsegn med bakgrunn i § 5-4 første ledd i plan- og bygningsloven. Statleg organ kan fremma motsegn i spørsmål som er av vesentleg verdi for saksområde til vedkommande organ.
- **Alternativ ØA-I-c via Matskor er i strid med nasjonal transportplan og tiltaksplan for trafiktryggleik 2014-2017.** Krysset ved Matskor ligg i ei kurve med liten radius. I tillegg ligg det nært opp til tunnelmunning.

Konklusjon: Statens vegvesen fremmer motsegn mot alternativ VA-I, trase via Knapphus, og alternativ ØA-I-c via Matskor/ Skjensvoll.

Vi viser til Planomtale og konsekvensutgreiing for ein meir detaljert gjennomgang av bakgrunn for motsegna.

Statens vegvesen frårår følgende alternativ:

Hovudalternativ VA-II går gjennom Vatnedalen og kryssar Eikesdal ned mot Eikeland. Dette

alternativet legg vegen nordvest om Eikelandstjørna og har kryss enten ved Espelandssvingane eller ved Ølensvåg.

Alternativ VA-II, øvre trase gjennom Vatnedalen og lang tunnel ved Eikesdal/Eikeland (tunnel b) gir 200 m lenger veg enn alternativ VA-III. Alternativ VA-II vil føre til dårlegare kurvatur, lengre strekning utan fysisk midtdelar og ein meirkostnad som ikkje er samfunnstenleg samanlikna med nytteverdien. På denne bakgrunn vil Satens vegvesen sterkt frårå alternativet.

Plan og forvaltning

Med helsing



Helge Eidsnes
Regionvegsjef

Astrid Eide
Avdelingsdirektør